

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-034  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 05.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
107/20	Alver formannskap	12.11.2020
	Alver kommunestyre	

## **Framlegg til ny Forskrift 01. januar 2021 om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek ny forskrift og oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement», gjeldande frå 1.1.2021.

### **Alver formannskap 12.11.2020:**

#### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 107/20 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek ny forskrift og oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement», gjeldande frå 1.1.2021.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### **Bakgrunn**

#### **Saksopplysninger:**

Kommunal og Moderniseringsdepartementet har i brev av 4. desember 2019 kome med påminning og veiledning om utarbeiding av forskrift knytt til folkevalde si rett til godtgjering og utgiftsdekking. Våre «Arbeidsvilkår og godtgjersle til folkevalde» er integrert i «Politisk styringsstruktur og reglement». Kva godtgjering folkevalde i Alver kommune skal ha er ikkje utforma som forskrift, og må difor utarbeidast på nytt i tråd med Forvaltningslova § 2 første ledd bokstavane a og c.

#### **Vurdering:**

Den nye kommunelova (kapittel 8) gav føringar for utarbeiding av regler knytt til godtgjering for folkevalde og at dette må utformast som ei forskrift når lova trådte i kraft. Framlegget til forskrift er utarbeide med grunnlag

i satsar og regler i «Politisk styringsstruktur og reglement», vedteke av Alver kommunestyre 17.10.2019. Det er gjort vesentlege endringar i sjølve dokumentet, ved at «Arbeidsvilkår og godtgjerse til folkevalde» er tatt ut og omarbeida til ei forskrift. I framlegg til forskrifta er det gjort nokre få presiseringar og avgrensingar. Dei mest vesentlege endringane er kommentert i saksframstillinga.

Forskrifta har vore til høyring i dei politiske partia (sjå fsak 079/20) som er representert i kommunestyret, med fire veker frist for innspel. Det er ikkje kome inn framlegg/høyrings svar.

Relevante endringar frå opphavelig reglement (datert 17.10.19) til ny forskrift, gjeldande frå 1.1.21:

§ 1 Føremål er ny formulering – skal vere føremål i alle lovar og forskiftar. Framlegg til tekst er henta frå departementet sitt skriv.

§ 2 Frist for framsetting av krav, 90 dagar er ny. Skal sikre god moglegheit for etterprøving av utgifter som den folkevalde ynskjer refundert og at utgifter til politisk verksemd vert bokført raskast mogeleg for å kunne føre utgiftene i rett kvartal/år.

§ 3 Skal det utdjupast kva legitimasjon som krevst eller skal dette utbetalast utan krav til dette? Gjeld § 2 første ledd bokstav b.

§ 3 siste ledd. Nokre verbale presiseringar er gjort, ikkje reelle endringar.

§ 4 Det er rydda i teksten og varaordførar er inkludert i same avsnitt som ordførar.

§ 5 ny siste setning per 2.11.20: Fast og variabel møtegodtgjerle vert utbetalt fire ganger i året.

§ 8 Forskrifta tek til å gjelde frå den er vedteke i kommunestyret.

Avsnitt med lønsfastsetjing for rådmann er flytta til «Reglement for formannskapet», i oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement». Siden framlegget var til høyring er det lagt til ny setning under § 5, sjå over. Utover dette er det ikkje føreteke endringar i dei opphavelige dokument og rådmannen meina difor det ikkje er naudsynt å ha ny politisk prosess knytt til justeringane/oppdateringane av ny forskrift og «Politisk styringsstruktur og reglement».

#### **Vedlegg i saken:**

05.11.2020	Forskrift gjeldande frå 1.1.21	1469659
05.11.2020	Politisk styringsstruktur og reglement vedteke av KO 17.10.2019	1469847
05.11.2020	Politisk styringsstruktur og reglement vedteke av KO 17.10.2020	1469848